

# MØTEBOK

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** Fredag 27.11.2009  
**Stad:** Ål kommune, kommunestyresalen

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Kåre Olav Solhjell,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stenersen og Laila Tryde og regionkontakt Terje Moen

Rådmannsutvalet deltok i sak 52 - 55

---

### SAK 52/09 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 30.10.2009

#### Vedtak

Møteprotokoll 30.10.2009 vart vedteke.

### SAK 53/09 ORIENTERING OM HALLINGMO

Prosjektleiarar Mona D. Wibe og Thomas B. Johannessen, orienterte om status og idear for Hallingmoprosjektet. Vedlagt presentasjon.

### SAK 54/08 INTEGRERINGS-/INKLUDERINGS-PROSJEKT I HALLINGDAL

#### Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal og Rådmannsuvalet i Hallingdal er positiv til etablering av eit 2-årig "Integrerings-/inkluderings-prosjekt" i Hallingdal.
2. Rådmannsutvalet har ansvaret for vidare koordinering, i samarbeid med dagleg leiar i Regionrådet og representant frå Buskerud fylkeskommune, inklusive utarbeiding av endeleg prosjektplan.

### SAK 55/09 ORIENTERING/DRØFTING HALLINGFORSK

Prosjektleiar Robert Tunestveit, orienterte om status og vidare arbeid for Hallingforsk. Vedlagt presentasjon.

### SAK 56/09 SØKNAD OM TILSKOT HALLINGDAL ETABLERERSENTER

#### Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot på kr. 225.000,- til Hallingdal Etablerersenter for 2009.
2. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2009.
3. Regionrådet for Hallingdal ber Buskerud fylkeskommune revurdere sitt eige vedtak frå 2008, om ikkje å nytte regionoverskridande midlar til dei regionale etablerersentra.

## **SAK 57/09 SØKNAD OM TILSKOT HALLINGDAL SKOGEIGARLAG**

### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot på kr. 90.000,- til Hallingdal Skogeigarlag, til utvikling av tilbydarring for småskala overnattingsvertar i Hallingdal.
2. Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2009.

## **SAK 58/09 HALLINGDAL FOTBALLKLUBB, MARKERING AV OPPRYKK TIL 4. DIVISJON**

### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal vil gje Hallingdal Fotballklubb honnør for innsatsen som blir gjort i klubben, ikkje minst for arbeidet med barn og unge. Regionrådet vil og gratulere A-laget herrar, med opprykk til 4.divisjon.

Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 15.000 til annonse i magasin til Hallingdal Fotballklubb. Tilskotet blir finansiert av midlar til Strategisk plan for Hallingdal.

## **SAK 59/09 ORIENTERING OM STATUS HALLINGDAL LOKALMEDISINSKE SENTER**

Regionrådet og Rådmannsutvalet, saman med Samarbeidsutval for kommunane i Hallingdal og Ringerike Sjukehus fekk orientering om status og vidare arbeid i samband med prosjektet ”Hallingdal lokalmedisinske senter. Samhandlingsreformen – utvikling og organisering i Hallingdal”

Presentasjonar er lagt ved.

## **SAK 60/09 KOMMUNEHELSESAMARBEID VESTRE VIKEN**

### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår til at kommunane i Hallingdal blir med som medlemmer i kommunehelsesamarbeidet for Vestre Viken, og at det blir løyvd kr. 2 pr. innbyggjar for 2010.

## **SAK 61/09 BRUKEN AV REGIONALE UTVIKLINGSMIDLAR, BUDSJETT 2010**

### **Vedtak**

Dagleg leiar lagar utkast til brev til Buskerud fylkeskommune, vedr. forslag til bruk av regionale utviklingsmidlar for 2010.

## **SAK 62/09 EVENTUELT**

Revisjon Uste-Nes, som vedrører Hol, Ål Gol og Nes, vart drøfta. Regionrådet vil ha ei vidare drøfting i forhold til om dette er ei regionrådssak, og førebuing av vidare arbeid.

Ål 2.12.2009

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar